



Så søøøte kyllingar fekk dei i Dønhaug gardsbarnehage.

I barnehagane våre føregår det mykje kjekt. Derfor er vi svært glade for at dei er så flinke til å senda oss godt stoff. Då vi fekk høyra at dei skulle klekka kyllingar i Dønhaug gardsbarnehage, bad vi om at dei måtte senda oss bilde og tekst frå dette slik at vi fekk ta lesarane med på denne flotte opplevinga.

No er kyllingane endeleg komne, og vi har fått mange kjekke bilete frå gardsbarnehagen. I tillegg har skulekameratane i barnehagen laga ein flott tekst til oss saman med styraren i barnehagen, Helene Huse Bjørnebøle. No kan de først sjå på dei fine bileta, og så kan de kosa dåke med den koselege kyllinghistoria etterpå.



Dei la egga i rugekassen.



Så var det veeeldig lenge å venta.



Endeleg begynte dei å hakka hol i skalet på egga.



Til slutt så kunne dei begynna å stella med dei fine kyllingane.

Kylling-historie.

Det var ein dag vi la egg oppi rugemaskina. Egga hadde vi henta hos hønene våre. Det måtte vera varmt inni maskina, og vi måtte ha vatn inni for at kyllingane skulle klara å hakka seg ut. Vi måtte snu egga kvar dag, morgon og ettermiddag. Vi lyste i egga for å sjå om det var kylling i. Vi såg nokre kyllingar, dei var rare. I nokre egg var det berre plumme.

Så måtte vi venta i mange dagar. Det gjekk ei stund. Så var det tid for at dei skulle klekka ut. Men dei kom ikkje ut. Vi måtte venta kjempelenge. Nesten 2000 år. Neida, vi berre tullar. Vi måtte venta i 24 dagar, sjølv om det berre skulle ta 21 dagar. Vi gav ikkje opp, vi trudde det kom kyllingar. Dei vaksne var meir skeptiske.

Plutseleg såg vi at egga rørte på seg, og nokre av oss hørte det peip inni egga. Vi fekk egentlig fire kyllingar, med to døydde. No har vi berre to kyllingar att. Dei heiter Sove og Hakke.

Vi må behandla Sove og Hakke veldig fint, og vi må kosa med dei veldig forsiktig. Vi må ikkje klemma dei hardt, då kan dei få panikk. Kyllingane må få mat hos oss. Dei likar makk. Dei er og glad i skive, hardkokt eggeplomme og frø. Vi slepp dei av og til ut, slik at dei kan gå rundtom.

Når dei vert større skal dei flytta saman med dei andre hønene og hanane på Beitet. Håpar dei vert godt mottatt.

Forfatta av skulekameratane Ingrid, Madel, Emil og Alexandra samt Helene.

Foto: Helene Huse Bjørnebøle
 Nett: Thor Inge Døssland